



Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering.
Se mottakerliste nedenfor.

Dato: 03.11.2017
Vår ref: 14/01741-13
Deres ref:

Høring av søknad om driftskonsesjon for Holtamoen i Surnadal kommune. Tiltakshavar: Mikkelsen Maskin AS

Leiv Erikssons vei 39
Postboks 3021 Lade
N-7441 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00
E-POST mail@dirmin.no
WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883
SWIFT DNBANOKK
IBAN NO5376940505883
ORG_NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR
TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) har fått inn søknad om driftskonsesjon etter minerallova § 43, datert 24.10.2014.

Med dette sender vi søknaden om driftskonsesjon på høring i samsvar med forvaltingslova § 17. Vi ber kommunen om å informere oss snarast dersom partar som saka vedkjem i særleg grad, ikkje står på adresselista for denne høyringa.

Høyringsfrist: 01.12.2017

Søknaden med vedlegg er tilgjengeleg på dirmin.no under «Saker til høring». Denne søknaden gjeld driftskonsesjon etter minerallova. Tildeling av driftskonsesjon erstattar ikkje krav om andre løyve, godkjenning, arealavklaring eller konsesjon etter anna lovgiving.

Arealbruk er regulert gjennom plan- og bygningslova der kommunen er forvaltingsmyndigheit. Fråsegner knytte til dei arealdisponeringane kommunen har vedteke (arealplan, reguleringsplan og eventuell dispensasjon frå reguleringsplan), legg vi derfor ikkje vekt på i vurderinga vår.

Samandrag av søknaden

Holtamoen er eit massetak lokalisert på gnr./bnr. 14/1 i Surnadal kommune. Det omsøkte området er om lag 90 dekar og går fram av kart på side 15 i høyringsvedlegget. Omsøkt område er regulert til «steinbrudd og masseuttak» i reguleringsplan datert 12.11.2008 med plan-ID 20080153 og namn «Holten Massetak 14/1». Det er oppgjeve at førekomsten består av naturgrus som hovudsakleg vil nyttast som tilslag til betong. Det er estimert eit årleg uttak på om lag 15.000 til 20.000 m³ og eit totalt uttak på 900.000 m³.

Forventingar til høyringsfråsegnene

DMF ber om at offentlege etatar ut frå eige ansvarsområde vurderer om noko tilseier at driftskonsesjon ikkje bør tildelast, eventuelt om det skal stillast vilkår om avbøtande tiltak. Private partar kan komme med innspel til relevante forhold i den aktuelle saka. Dersom noko ikkje er tilstrekkeleg belyst i søknaden, ber vi om opplysningar om dette.



Vi ber **kommunen, fylkesmannen og fylkeskommunen** opplyse om tiltaket påverkar miljøet, mellom anna naturmangfald, kulturminne og forureining. Dersom kommunen eller fylkesmannen har informasjon om slik påverknad, vil vi gjerne ha ei utgreiing om eventuelle konsekvensar og konkrete forslag til avbøtande tiltak og vilkår.

DMF har ved søk i naturbase og artskart (19.04.2017) fått treff som vist i kartutsnitt på side 16 og 17 i høyringsvedlegget. DMF ber **kommune og fylkesmann** om å opplyse om det er tilhøve som bør omsynstas for å ta vare på naturtypen og artene i eller i tilgrensing til området. Tilsvarande bes **fylkeskommunen** om å opplyse om det er tilhøve som bør omsynstas for å ta vare på kulturminna i eller i tilgrensing til området.

Heile eller delar av høyringsuttalane kan bli refererte i vedtaket som seier om konsesjon blir gitt eller ikkje. Søkjaren får høve til å kommentere høyringsuttalar før vi gjer vedtak.

Kva vurderer DMF i samband med søknaden?

Formålet med minerallova er å fremje og sikre samfunnsmessig forsvarleg forvaltning og bruk av mineralressursane i samsvar med prinsippet om ei berekraftig utvikling. Alle uttak av mineralske ressursar større enn totalt 10 000 m³ og alle uttak av naturstein er konsesjonspliktige.

DMF vurderer søknadene etter skjønn før vi eventuelt tildeler driftskonsesjon. I vurderinga legg vi vekt på om søkjaren er «skikka» til å utvinne førekomsten. Det vil seie om prosjektet synest økonomisk gjennomførleg, om søkjaren har god nok kompetanse, og om det er lagt opp til bergfagleg forsvarleg drift av førekomsten.

Vi vurderer òg:

- kva tiltaket betyr for verdiskaping og næringsutvikling
- korleis tiltaket påverkar naturgrunlaget for samisk kultur, næringsliv og samfunnsliv
- korleis tiltaket påverkar omgivingane og nærliggjande område under drifta
- kva miljømessige konsekvensar tiltaket får
- kva planar som ligg føre for etterbruk eller tilbakeføring av området

DMF stiller normalt vilkår ved tildeling av driftskonsesjon i medhald av minerallova § 43. Vilkåra omfattar mellom anna krav til driftsplan og økonomisk trygd for sikring og opprydding etter avslutta drift.

Høyringsfråsegnene skal sendast til

E-post: mail@dirmin.no

eller

Ordinær post:

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard, Postboks 3021 Lade, 7441 Trondheim

Med helsing



Erlend Alvestad
overingeniør

Maria Teresa Martinez
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.
Sakshandsamar: Maria Teresa Martinez



Mottakrar:



Surnadal kommune	Bårdshaugvegen 1	6650 SURNADAL
Møre og Romsdal fylkeskommune	Postboks 2500	6404 MOLDE
Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Postboks 2520	6404 MOLDE
Statens vegvesen Region midt	Fylkeshuset	6404 MOLDE
Norges vassdrags- og energidirektoratet Region Midt-Norge	Abels gate 9	7030 TRONDHEIM
Statnett SF	Postboks 4904 Nydalen	0423 OSLO
Lars Holten	Surnadalsvegen 1014	6655 VINDØLA
Olav Mausest	Surnadalsvegen 820	6650 SURNADAL
Eivind Wiig	Surnadalsvegen 936	6650 SURNADAL
Asgeir Sveen	Surnadalsvegen 956	6650 SURNADAL
Tor Egil Tiset	Surnadalsvegen 948	6650 SURNADAL
Lars Bjarne Mausest	Surnadalsvegen 962	6650 SURNADAL
Grethe Mausest	Surnadalsvegen 968	6650 SURNADAL
Inger Haugnes Aune	Surnadalsvegen 974	6655 VINDØLA
Per Magne Aune	Surnadalsvegen 974	6655 VINDØLA
Helga Elisabeth Holten	Surnadalsvegen 980	6655 VINDØLA
Kent Olof Jonsson	Surnadalsvegen 988	6655 VINDØLA
Oddbjørg Wilhelmsen	Surnadalsvegen 988	6655 VINDØLA
Kirsti Gjerstad	Surnadalsvegen 988	6655 VINDØLA
Rolf Petter Halle	Surnadalsvegen 998	6655 VINDØLA
Bjørn Wiig	Surnadalsvegen 1000	6655 VINDØLA
Liv Sæther	Stobakkvegen 1	6655 VINDØLA
Kenneth Sæther	–	6655 VINDØLA
Jorulv Gravvold	Naustkleiva 21 C	7563 MALVIK
Heidi Sand Gravvold	Naustkleiva 21 C	7563 MALVIK
Ole Moe	Stobakkvegen 3	6655 VINDØLA
Jon Reidar Ranest	Stobakkvegen 7	6655 VINDØLA
Espen Bredesen	Stobakkvegen 5	6655 VINDØLA
Hanne Kalset Børset	Stobakkvegen 5	6655 VINDØLA
Aud Kjølstad	Stobakkvegen 9	6655 VINDØLA
Anita Berg	Stobakkvegen 11	6655 VINDØLA
Magnus Berg	Stobakkvegen 11	6655 VINDØLA
Kjersti G. S. Andreassen	Stobakkvegen 15	6655 VINDØLA
Mats Ranest	Stobakkvegen 15	6655 VINDØLA
Målfrid Gulla	Stobakkvegen 13	6655 VINDØLA
Vegard Heggset	Stobakkvegen 17	6655 VINDØLA
Mali Bæverfjord	Stobakkvegen 19	6655 VINDØLA
Arthur Øie	Stobakkvegen 19	6655 VINDØLA
Leif Peder Fugelsøy	Stobakkvegen 21	6655 VINDØLA
Nils Moen	Stobakkvegen 23	6655 VINDØLA
Hubertine Roebroek	Stobakkvegen 25	6655 VINDØLA
Arild Sæther	Stobakkvegen 29	6655 VINDØLA
Håvard Fugelsøy	Høgmovegen 3	6655 VINDØLA
Oddrun Margrethe Larsen	Høgmovegen 1	6655 VINDØLA
Jørgen Aune	Høgmovegen 5	6655 VINDØLA
Øyunn Fugelsøy Aune	Høgmovegen 5	6655 VINDØLA
Gro Kvammen Sæter	Høgmovegen 13	6655 VINDØLA
Olav Sæter	Høgmovegen 13	6655 VINDØLA



Tove Mogstad	Høgmovegen 7	6655 VINDØLA
Alf Strand	Høgmovegen 7	6655 VINDØLA
Bjørn Johnny Holten	Høgmovegen 9	6655 VINDØLA
Einar Fiske	Torvtaket 34	7092 TILLER
Øvre Surnadal Skytterlag	–	6655 VINDØLA
Kopi til:		
Mikkelsen Maskin AS	Eidet	6650 SURNADAL